



Aurland, 04.02.2014

Det Kongelige Justis- og beredskapsdepartement
Postboks 8005 Dep

0030 OSLO

Vår ref.
14/153-2

Dykkar ref.

Sakshandsamar
Noralv Distad, 57 63 29 29

Arkiv
K2-X20, K2-X27, K3-
&13

Høyringsfråsegn Brannstudien

Aurland kommune meiner at brann og beredskap framleis skal vera ei kommunal teneste som er utforma slik at ein tek vare på kravet til nærleik, lokalkunnskap og godt samarbeid mellom ulike brannvesen og med andre naudtetatar og frivillige. Ei sterk sentralisering av tenesta er ikkje forsvarleg og vil heller ikkje gje ei økonomisk innsparing.

Situasjonen for brann- og beredskap i Aurland

Aurland kommune har i dag eige brannvesen med brannsjef i heil stilling og elles brannmannskap i deltidsstillingar. Det er brannstasjon i Aurland og bistasjon i Gudvangen. Aurland har langt fleire særskilde brannobjekt enn innbyggjartalet – 1720 - tilseier, det gjeld mellom anna tunnelar, kraftstasjonar, hamneanlegg, jarnbane og hotell. Hovudvegen Oslo – Bergen (E 16) går gjennom kommunen. Aurland er ein stor reiselivskommune og i sommarsesongen er det gjerne 20 000 personar pr. dag i kommunen. Aurland ligg heilt i toppen på tal utrykkingar pr innbyggjar. Kommunen har pr i dag ikkje eigen lensmann og ikkje eigen ambulanse. I praksis kjem brannmannskapa fyrst fram til ulukkesstaden og må ta på seg utvida oppgåver. Brann og beredskap har såleis måtta skaffa seg ekstra utstyr som til dømes hjartestartar.

Nærleik og lokalkunnskap

Aurland kommune meiner at nærleik og lokalkunnskap er heilt avgjerande for utøva ei forsvarleg teneste til innbyggjarar, trafikantar og turistar. Effektiv fyrsteinnsats med mannskap som kjem raskt på staden er svært viktig, jfr. brannulukkene i Gudvangatunnelen og på Lærdalsøyri. Samtidig må det vera samarbeid med brannvesen i nabadistrikta slik at ein får inn nødvendig ekstra mannskap og utstyr. Det er og viktig å halda oppe og styrkja samarbeidet med frivillige og med Sivilforsvaret. Hendingar den siste tida har vist at i eit spreiddbygd samfunn, er det breie samarbeidet særst verdifullt.. Brann og redning driv og førebyggjande arbeid, dette krev god lokalkunnskap samtidig som ein kan få gode tenester gjennom interkommunalt samarbeid.

Samhandling

Det må vera god samhandling mellom brann- og beredskap og andre naudtetatar og alle bør ha fast responstid. Aurland kommune meiner at det heilt nødvendig å sjå brann og redning i samheng med framtidig organisering av politi - og ambulansetenesta. Totalt sett må ein ivareta kravet om tilfredsstillande tenester med nærleik til innbyggjar, trafikantar og andre.

Alarmsentralen

Kommunane i Sogn og Fjordane har organisert alarmsentralen som ei interkommunal teneste. Dette fungerer tilfredsstillande og Aurland kommune ser ikkje grunnar for å gjera endringar. Det er og ein fordel at alarmsentralen er lokalisert ved sida av politiet. Så lenge brann og redning er ei kommunale teneste må det og vera kommunane som ordnar med samarbeidsløysingar slik dei finn det mest tenleg.

Med helsing

Noralv Distad
ordførar